

NotatDato: 15.11.2016
Arkivsak: 2014/12154-16
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen


Sjukefråvær HFK 3. kvartal 2016**Samandrag**

Sjukefråværet gjekk ned i tredje kvartal, frå 6,11 prosent i 2015 til 5,51 prosent i 2016, ein reduksjon på 9,9 prosent. Både eigenmeldt og legemeldt fråvær er redusert. Fråværet blant både kvinner og menn har gått ned, kvinner har størst prosentvis reduksjon.

Fråværet har gått ned i fire avdelingar (Eigedom, Økonomi- og organisasjon, Kultur og idrett og Opplæring), medan det har auka i resten av fylkeskommunen.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen HR Analyse i Personalportalen. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved barns/barnepassars sjukdom er ikkje medrekna. Feilen med manglande fordeling på fråværlengde er ikkje retta opp, noko som både HR-seksjonen og leverandørar seier seg lei for.


Sjukefråværsutviklinga**Figur 1** Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1. kv. 2013 – 3. kv. 2016

Fråværet i tredje kvartal var på 5,51 prosent, mot 6,11 prosent i tredje kvartal 2015. Dette utgjer ein reduksjon på 9,9 prosent.

Kjønnsfordeling


Sjukefråværet for kvinner gjekk ned frå 7,44 til 6,59 prosent. For menn gjekk fråværet ned frå 4,31 prosent til 4,05 prosent. Kjønnskilnaden i sjukefråværet er noko mindre markant dette kvartalet enn 2. kvartal, ca. 63 prosent høgare fråvær for kvinner enn menn, noko som er normalt i norsk arbeidsliv.

Figur 2: Sjukefråvær i heile HFK, fordelt på kjønn, 3. kv. 2016 samanlikna med 3. kv. 2015



Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefråvær

Figur 3: Sjukefråvær i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 3. kv. 2016 samanlikna med 3. kv. 2015.



Ein ser av figur 3 at eigenmeldt fråvær er ganske stabilt og lågt, medan det legemeldte fråværet er klårt redusert.

Fordeling på avdelingane

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.


Figur 4: Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 3. kv. 2016 samanlikna med 3. kv. 2015.

	Tal tilsette	3. kv 2015	3. kv. 2016	Differanse	Differanse %
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	4431	6,11 %	5,51 %	-0,60	-9,8 %
EIGEDOMSAVDELINGA	172	8,57 %	6,73 %	-1,84	-21,5 %
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	126	10,94 %	3,52 %	-7,42	-67,8 %
REGIONALAVDELINGA	65	2,12 %	6,39 %	4,27	201,3 %
SAMFERDSELSAVDELINGA INKL. SKYSS	108	5,84 %	7,32 %	1,48	25,4 %
BYBANEN UTBYGGING	37	3,72 %	10,96 %	7,24	194,7 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	80	7,15 %	6,50 %	-0,65	-9,2 %
TANNHELSETENESTA	397	8,21 %	9,26 %	1,06	12,9 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	3456	5,68 %	4,95 %	-0,74	-13,0 %

Fire avdelingar har klår reduksjon i fråværet: Økonomi- og organisasjonsavdelinga, Opplæringsavdelinga, Eigedomsavdelinga og Kultur- og idrettsavdelinga (raude tal i tabellen). Dei to sistnemnde har likevel høgare fråvær enn gjennomsnittet. Dei andre avdelingane har auka fråvær, med til dels svært høg prosentvis auke, jf. Regionalavdelinga og Bybanen utbygging. For sistnemnde gjeld at det er ei lita avdeling der kvar sjukmeld utgjør ca tre prosent i fråværsstatistikken.

Eigedomsavdelinga har i løpet av 3. kvartal fått overført ca. 70 reinhaldarar frå dei vidaregåande skulane, og vil innan 31.12.16 få overført resten av reinhaldarane i HFK. Denne yrkesgruppa har normalt høgt sjukefråvær, ein kunne derfor ha venta ei viss auke for Eigedomsavdelinga dette kvartalet. I staden har sjukefråværet gått markant ned. Ein må her ta atterhald om at omorganiseringa av leiaransvaret for reinhaldarane kan ha gitt utfordringar når det gjeld rask registrering av sjukmeldingar. Dermed vil tala for 3. kvartal kunne bli noko endra ved seinare rapportuttak. Det blir viktig å følgje med på korleis omorganiseringa av reinhaldstenestene i HFK vil spele inn på sjukefråværet for reinhaldarar.


Aldersfordeling av sjukefråværet

Figur 5: Sjukefråvær fordelt på aldersgrupper, 3. kvartal 2016 samanlikna med 3. kvartal 2015

Av figur 5 går det fram at sjukefråværet har auka for 20- og 60-åringane, er stabilt for 30-åringane, medan det har gått ned for dei andre aldersgruppene. Dei yngste gruppene utgjør få tilsette i HFK. Fråværet blant dei eldste er høgt, men det er også i denne gruppa at ein får dei mest alvorlege og langvarige lidningane, som i avgrensa grad vert påverka av oppfølging og tiltak frå arbeidsgivar.

Sjukefråvær pr. stillingsgruppe

Figur 6: Sjukefråvær i HFK fordelt på stillingsgrupper, 3 kv 2016 samanlikna med 3. kv. 2015



Det er grunn til å følgje nærare opp dei yrkesgruppene med høgast fråvær: Reinholdarar og tannhelsesekretærar. Også tannlegar og tannpleiarar har noko høgt fråvær. For kontorpersonell ser vi ei god utvikling sidan i fjor, sjølv om nivået framleis er noko høgt. Det same gjeld rådgjevarar. For miljøarbeidarar har sjukefråværet gått noko opp sidan tilsvarende kvartal i 2015, samstundes kan det se ut til at miljøarbeidarane generelt har et noko lågare fråværnivå enn tidlegare år.